

## **UNDERSØKING AV YMSE ORD- OG BØYINGSFORMER I NORSK TALEMÅL HAUSTEN 1999**

### **1 Innleiing, generell orientering**

Norsk språkråd gjennomførte hausten 1999 ei språkgeografisk undersøking i samband med rettskrivingsarbeidet med nynorsk. Det blei utarbeidd ei spørjeliste for å få kartlagt utbreiinga av ein del ord- og bøyingsformer i dialektane. Spørjelista blei send til omkring 300 informantar, m.a. til kontaktnettet Norsk målførearkiv bruker, og til medlemmene i Norsk språkråd. Det kom inn over 200 utfylte spørjelister. Svarmaterialet er systematisert av sekretariatet. Noko av materialet blei lagt fram på fagnemndmøtet 19.10.99.

Dokumentasjonen som gjeld spørjeundersøkinga, har desse delane:

- Spørjeliste med oversendingsbrev datert 13.9.99
- Kodeliste
- Skjema over svara frå informantane ordna fylkesvis
- Notat med presentasjon av ein del av resultata (dette notatet)

202 informantar er registrerte i skjemaet, og dei er ordna etter fylke. I presentasjonen av resultata er to informantar tekne ut av materialet fordi dei rapporterer tradisjonelle bokmålsformer i dei fleste kategoriane. Dette er informantane Per Jakhelln og Kirsti Koch Christensen. Det statistiske grunnlaget er dermed rapportering frå 200 informantar.

#### **1.1 Aldersfordeling**

Gjennomsnittsalderen på informantane er 63 år, og alle fylka har ein gjennomsnittsalder ein stad mellom 60 og 67 år. 8 informantar er under 40 år, 1 av desse er under 30 ( 4 % < 40 år).

23 er i 40-åra. (11,5 %)  
55 i 50-åra. (27,5 %)  
44 i 60-åra. (22 %)  
48 i 70-åra. (24 %)  
20 i 80-åra. (10 %)  
2 i 90-åra.

Desse tala viser at 56 % av informantane er over 60 år og 83 % er over 50 år.

#### **1.2 Geografisk fordeling**

Geografisk fordeling av informantar, folketalet i 1991<sup>1</sup> i parentes:

Oslo/Akershus:	11	(879 758)
Vestfold/Østfold:	11	(436 699)
Hedmark:	18	(187 593)
Oppland:	23	(182 593)
Buskerud:	11	(225 261)
Telemark:	9	(162 869)
Aust-Agder:	10	(97 314)

<sup>1</sup> *Det store Norgesatlas*. Hjemmets bokforlag, Oslo 1992.

Vest-Agder:	9	(145 091)
Rogaland:	9	(337 906)
Hordaland:	10	(411 022)
Sogn og Fjordane:	12	(106 614)
Møre og Romsdal:	18	(238 278)
Sør-Trøndelag:	11	(251 076)
Nord-Trøndelag:	10	(127 226)
Nordland:	17	(239 403)
Troms:	6	(146 816)
Finnmark:	5	(74 590)

### **1.3 Om rapporteringa og presentasjonen**

Nokre informantar oppgir fleire former. I oppsummeringa handsamar vi dette på to ulike vis.

Når vi oppsummerer resultatet for heile materialet under overskrifta **Statistikk**, tel vi svaret frå *kvar enkelt informant* som eitt svar. 200 informantar gjer det enkelt å få overblikk over prosenten. Denne informasjonen er presentert først i kvart punkt.

Det kan inngå mange variantar i kvart svaralternativ *a, b...* For å sjå kva former som går inn under den enkelte kategori, kan ein sjekke det vedlagde kodeoversynet.

I det geografiske oversynet under overskrifta **Geografi** tel vi *kvar enkelt form*. Dersom éin informant har oppgitt to alternative formar blir dette registrert i begge kategoriane, det blir dermed registrert som to svar. Dette medfører at talet på svar når vi ser på kvart enkelt fylke, varierer frå kategori til kategori, alt etter kor mange som har oppgitt fleire alternativ i same kategori. Her tel vi heller ikkje med dei uleselege svara (symbol ? i kodesystemet), eller dei som ikkje nyttar ordet (symbol x i kodesystemet). Prosenttalet er altså basert på dei som brukar ordet og har gitt eit forståeleg svar.

I visse tilfelle har nokre informantar skilt mellom nyare og eldre former. Dette kjem fram i kommentarane der det er aktuelt.

Ikkje alle kategoriane i spørjeskjemaet blir presenterte her. Vi har samanfatta kategoriane 1, 2, 8, 12, 19, 24–27, 31, 35–36, 40, 43–47, 52, 55, 57–60, 64, 66, 70–71, 74–76.

Vi presenterer dei i denne ordninga, og det er to underpunkt i presentasjonen av kvar enkelt kategori: **Statistikk** og **Geografi**. Tala blir presenterte slik:

#### **Statistikk:**

*a* (form a)

xx (talet på informantar): x %, + kor mange gonger forma er oppgitt saman med ei anna form.  
*b...*

#### **Geografi:**

Her varierer presentasjonsmåten litt. Vi gjer greie for i kva grad dei er utbreidde i dei ulike fylka.

### **1.4 Vedlegg**

Eitt eksemplar av spørjeskjemaet.

Koding. Oversyn over kategoriane som blei nytta ved plottinga av dataa.

Informantsvara ordna etter fylke.

## 2 Resultat i spørjeskjema

### 1 menn(er)

#### **Statistikk:**

*menn (a):* 80 inf.: 40 %, + 12

*menner (b):* 75 inf.: 37,5 % + 7

*manna (c):* 22 inf.: 11 %, + 5

*a+b :* 7 inf.: 3,5 %

*a+c:* 5 inf.: 2,5 %

2 svar er blanke.

9 informantar ville ikkje brukt ordet i ytringa ”Der stod det tre unge menn” (oftast vel dei heller karar eller mann). 4 av informantane som er med i tala over, seier dei helst ville brukt eit anna ord, men dei oppgir likevel ei av formene.

#### **Geografi:**

##### *menn (a)*

Os/Ak/Øs/He/ST: >75 % *menn*

MR: 61 %

Ho: 62 %

##### *menner (b)*

Ve, Bu, Te, AA, Ro: >75 % *menner*

VA: 70 %

SF: 72 %

##### *jamn fordeling menn – menner*

Op:            *a:* 50 %                      *b:* 50 %

##### *manna (c)*

Forma er sterkest representert i fylka frå Møre og Romsdal og nordover, men han er også rapportert i Hordaland.

Fi/Tr/No/NT: *a:* 36 %                      *b:* 11 %                      *c:* 53 %

### 2 skorne/skoas/skoene

#### **Statistikk:**

*skorne (a):* 29 inf.: 14,5 %, + 4

*skoa, skoi (b):* 54 inf.: 27 %, + 4

*skonå (c):* 13 inf.: 6,5 %

*skonan (d):* 10 inf.: 5 %

*sko(e)n(e),(e):* 88 inf.: 44 %, + 5

(Ein inf. oppgir 3 alternativ, difor blir summen av tala bak + eit oddetal.)

#### **Geografi:**

##### *skorne, skodn (a)*

Variantane er ikkje representerte med over 75 % i noko fylke. Men i Buskerud og Hordaland er godt over halvparten av svara i denne kategorien, i Oppland og Sogn og Fjordane godt under halvparten. Eit par tilfelle er rapporterte i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag.

### *skoa, skoi (b)*

Os/Ak/ØsVe: > 75 %

Hedmark ligg litt under 75 %

Telemark og Buskerud litt under 50 %.

### *skonå (c)*

67 % av svara i Rogaland, halvparten i Sogn og Fjordane. Eitt tilfelle i Hordaland.

### *skonan (d)*

38% av svara i Møre og Romsdal.

Eitt tilfelle i Vefsn og eitt i Åseral, Vest-Agder

### *skoene, skoan (e)*

Halvparten av informantane kjem frå dei 5 nordlegaste fylka, der denne forma er fullstendig dominerande.

Frå ST-Fi, samt Vest-Agder: >75 % *skoan, skoen*

I Møre og Romsdal og Telemark og Aust-Agder rapporterer om lag 50 % om ein variant i denne kategorien.

## **8 museet**

### **Statistikk:**

*musee (a):* 137 inf.: 68,5 % + 4

*museume (b):* 43 inf.: 21,5 % + 4

### **Geografi:**

#### *musee*

Fi, Tr, No, SF, Ho, Ro, Bu, Te, Op, He, Øs og Ve > 75 % *musee*

I Møre og Romsdal, Oslo/Akershus og Agderfylka dominerer *musee* med litt over halvparten

I Trøndelag er det jamn fordeling mellom dei to formene.

Forma *museume* er ikkje dominerande i noko område.

## **12 faktaa/fakta/faktuma**

### **Statistikk:**

*faktaa, faktai/e (a):* 20 inf.: 10 %, + 5

*fakta (b):* 84 inf.: 42 %, + 6

*faktuma/e (c):* 33 inf.: 16,5 %, + 5

*faktaane, faktan (d):* 17 inf.: 8,5 %, + 2

*faktumane (e):* 15 inf.: 7,5 %

*faktumatn (f):* 1 inf.: 0,5 %

9 rapporterer 2 former: 4,5 %

21 svar er ikkje forståelege, blanke, eller dei fortel at ordet ikkje blir brukt: 10,5 %

## **Geografi:**

### faktaa (a)

Forma dominerer ikkje i noko fylke.

Ikkje representert i Os/Ak, Øs/Ve, Te, VA, Ro, ST, No, Tr/Fi. Høgast representert i He.

He: 41 %

Op: 20 %

AA: 20 %

Ho: 11 %

SF: 26 %

MR: 30 %

### fakta (b)

Forma dominerer særleg i Telemark.

Te: 88 %

Øs/Ve/Os/Ak: 60 %

He: 47 %

Op: 50 %

Bu: 63 %

AA: 50 %

Ro: 60 %

Ho: 55 %

SF: 55 %

MR: 20 %

ST: 55 %

NT: 50 %

No: 47 %

Fi/Tr: 25 %

### faktaa (a) og fakta (b)

He: 88 %

Op: 70 %

Bu: 75 %

AA: 70 %

Ho: 66 %

SF: 81 %

MR: 50 %

NT: 60 %

### faktuma (c)

Forma er representert med nokre få tilfelle i alle fylka i Sør-Noreg.

MR, ST: 45 %

### faktaane og faktumane (d og e)

I Finnmark og Troms er formene dominerande

I Nordland og VA er desse formene oppgitt i litt over halvparten av tilfella.

## **19 naud – nød**

**Statistikk:**

*naud (a):* 91 inf.: 45,5 %  
*nød (b):* 94 inf.: 47 %  
*a+b:* 12 inf.: 6 %  
3 svar er ikkje gyldige: 1,5 %

**Geografi:***naud (a)*

Ro, Ho, SF, Te, VA: > 75 % *naud*

MR: 65 %

AA: 70 %

*nød (b)*

Os/Ak, Øs/Ve, NT, No, Tr og Fi: > 75 % *nød*

I Op dominerer *nød* svakt med godt over 50 %.

*jamn fordeling:*

I Bu og ST er det omtrent jamn fordeling mellom formene.

**24 blar (presens)**

*blar, bler (a):* 123 inf.: 61,5 %, + 3  
*blader, bleii (b):* 9 inf.: 4,5 %, + 3  
*bladar (c):* 18 inf.: 14 %, + 1  
*ble, bla, bla (d):* 33 inf.: 16,5 %, + 3  
Ein informant kan ikkje plasserast.

**Geografi:***blar, bler (a):*

Fi/Tr: 100 %

Os/Ak, Øs/Ve, Bu, Te, Ro, Ho: > 75 % *blar*

He: 67 %

*ble, bla...(d)*

VA: > 75 %

*blar (a) + ble, bla..(d)*

Bu, Ro, Ho: 100 %

AA, He, SF, NT: > 75 %

Op: 67 %,

ST: 63 %

No: 64 %

MR: 27 %

*bla(d)a(r), blea, blåddå (c)*

MR: 53 %

ST: 27 %

SF: 23 %

Op: 33 % (Valdres og Vågå, Gausdal og Skjåk)

No: 24 %

### blader, bleii (b)

Enkelte tilfelle i AA, VA, MR, ST og No

Sør-Trøndelag og Nordland har alle formene representerte, med ganske jamn fordeling.

## 25 brende (preteritum av å brenne)

### **Statistikk:**

*brende(a):* 61 inf.: 30,5 %, + 5

*brente (b):* 94 inf.: 47 %, + 9

*brant (c):* 29 inf.: 14,5 %, + 14

To former: 14 inf.: 7 % (Alle som rapporterte to former, rapporterte *brant* som den eine av dei to.) 2 svar kan ikkje brukast.

### **Geografi:**

#### *brende (a)*

SF: 100 %

Ho: > 75 % *brende*

Op: 60 %

Bu: 55 %

Te: 55 %

Ro: 58 %

#### *brente (b)*

ST/NT: 100 %

He, Tr, Fi: > 75 % *brente*

No: 70 %

MR: 67 %

#### *brant (c)*

AA: 46 %

Te: 33 %

Ro: 42 %

No: 30 %

### Jamn fordeling b–c

Ak/Os og Øs/Ve fordeler seg samla med halvparten *brente* og halvparten *brant*.

## 26–27 brukt (supinum), brukar (presens)

Vi ser her på kombinasjonen av 26 og 27.

### **Statistikk:**

*e-verb* i begge former: 100 inf.: 50 %

*a-verb* i begge former: 26 inf.: 13 %, + 3

Komb. <i>brukar-brukt</i> :	62 inf.: 31 %, + 3
Komb. med <i>apokopert presens</i> :	4 inf.: 2 %
Komb. <i>bruker-bruka</i> :	3 inf.: 1,5 %
Både <i>brukar-brukt</i> og <i>brukar-bruka</i> :	4 inf.: 2 %
1 svar er ukjart: 0,5 %	

### Geografi:

#### e-verb (brukt (a) – bruker (b))

Os/Ak, He: 100 %

Fi/Tr: 91 %

NT: 90 %

ST: 58 %

Op: 61 %

Bu: 64 %

AA: 50 %

VA: 75 %

**Merknad:** Dersom ein tek vekk dei informantane som er frå område der ein ikkje ”kan” ha -a(r) i presens, blir det samla informanttalet redusert frå 100 til 13 (6,5 %). Fordelt på fylke blir tala slik<sup>2</sup>:

Fi/Tr: 9 %, 1 av 10 informantar att.

ST: 8 %, 1 av 7 informantar att.

Op: 22 %, 5 av 14 informantar att.

Bu: 32 %, 3 av 6 informantar att.

VA: 38 %, 3 av 6 informantar att.

Os/Ak, He, NT, AA: ingen informantar att.

#### Blanda bøyng: brukt – brukar (a-a)

SF: 100 %

Ho: 90%

Ro: 67 %

MR: 45 %

Op: 39 %

Bu: 36 %

Også enkelte rapporterte tilfelle i VA, Te, AA, No.

#### a-verb (b-a)

Te: 70 %

MR: 55 %

AA: 30 %

I Nordland er det vanskeleg å sjå noko system, alle variantar finst.

## 31 glidd (supinum)

### Statistikk:

*glidd (a):* 112 inf.: 56 %, + 12 (to informantar oppgir dette som ei yngre form)

*glide (b):* 14 inf.: 7 %, + 3

*glede (c):* 34 inf.: 17 %, + 4

---

<sup>2</sup> Basert på kart i Venås, Kjell: *Linne verb i norske målføre*.

*glitt (d):* 10 inf.: 5 %, + 3

*glii, gliddi (e):* 11 inf.: 5,5 %, + 2 (ein av informantane oppgir dette som ei eldre form)

Formene *gle (f)* og *glutte (g)* er representerte med tre eksemplar til saman, vi kommenterer ikkje dei meir.

### **Geografi:**

#### *glidd (a)*

Forma er så og seie einerådande i Os/Ak, Øs/Ve, No, Tr og Fi

MR: 55 %

NT/ST: 64 %

He: 59 %

Op: 56 %

Bu: 58 %

Te: 55 %

AA: 64 %

Forma er rapportert i alle fylke.

#### *glide – glede (b – c)*

SF: 69 % (= *glede (c):* 54 % + *glide (b):* 15 % )

Ho: 45 %. (*glede (c)* 2 inf. + *glide (b)* 3 inf.)

I Aust-Agder oppgir 36 % ei av formene, halvparten *glide* og halvparten *glede* (til saman 4 informantar).

I Møre og Romsdal oppgir 33 % av informantane ei av formene, flest oppgir *glede*.

I ST/NT oppgir 35 % ei av formene

Formene er representerte med eitt eksemplar i NT og 2 i No (Vefsn).

#### *Berre glede (c)*

Ro: 89 %, alle informantane frå Rogaland så nær som den frå Stavanger oppgir forma.

VA: 63 %, i VA oppgir Farsund, Flekkefjord, Kvinesdal og Lyngdal forma *glede (c)*.

#### *glitt (d)*

Ikkje rapportert frå Trøndelag og nordover, eller i Ro, Te, AA og VA.

Rapportert med enkelte tilfelle i dei andre områda.

#### *glii, gliddi (e)*

Ikkje rapportert i Os/Ak, Øs/Ve, Op, AA, VA, Ro, SF, MR, No, Tr og Fi med unntak av at ho er oppgitt som eldre form på Eidsvoll.

Rapportert med enkelte tilfelle i He, Ho, ST.

Forma er representert med 25 % i Bu, 2 rapporterte frå Hol og ei frå Ål.

Dei to informantane frå Nissedal i Te rapporterer forma (22 %)

I NT blir forma rapportert av tre informantar (27 %)

## **35 slått (supinum)**

### **Statistikk:**

*slått (a):* 46 inf.: 23 %, + 8

*sleje (b):* 90 inf.: 45 %, + 8

*sli, sle (c):* 35 inf.: 17,5 %, + 3 (oppgett som eldre variant)

*slådd (d):* 11 inf.: 5,5 % + 3

7 svar kan ikkje brukast.

### **Geografi:**

#### *sleje (b)*

Dette er den mest frekvente forma i materialet. Ho er særleg dominerande i Te og på Vestlandet frå VA til ST:

Tr/Fi: 17 %

No 30 %

NT 10 %

ST 55 %

MR 88 %

SF 100 %

Ho 72 %

Ro 78 %

VA 78 %

AA 42 %

Te 67 %

Op 36 %

He og Bu 50 %

#### *slått (a) og slådd (d)*

Form *a* er særleg dominerande på Austlandet, medan varianten med dobbel d til slutt er dominerande i Nord-Noreg (*d*). Det er form *a* som erstattar variant *b* på Vestlandet frå SF og sørover.

#### *slått (a)*

Ak/Os/Ve/Øs: 87 %

AA: 58 %

He/Op: 18 %

Bu/Te: 25 % (mest frekvent i Telemark)

No: 20 %

#### *slådd (d)*

Fi/Tr: 67 %

No: 25 %

#### *sli, sle (c):*

Denne kortforma er minst frekvent: Ho blir oppgitt som eldre form av ein informant frå Akershus, men er elles fråverande i Os/Ak, Øs/Ve, Fi/Tr, AA/VA/Te og på Vestlandet.

Forma dominerer i NT med 80 %.

Op: 50 %

ST: 36 %

Bu: 25 %

He: 24 %

No: 25 % (oppgett som eldre variant)

MR: 13 % (men einaste oppgitte alternativ til *b*)

## **40 ope (eit ope hus)**

### **Statistikk:**

<i>ope (a):</i>	86 inf.: 43 %, + 4 (oppgett som eldre form av 1. inf.)
<i>opi (b):</i>	6 inf.: 3 %
<i>opent (c):</i>	89 inf.: 44,5 %, + 5 (oppgett som yngre form av 3 inf.)
<i>oppe/i (d):</i>	13 inf.: 6,5 %, + 1 (oppgett som eldre form)
<i>åpne (e):</i>	1 inf.
2 former:	5 inf.

### **Geografi:**

#### *ope (a) opent (c)*

MR, SF, Ho, Ro, VA og AA oppgir berre desse to variantane:

AA	a: 50 %	c: 50 %
VA	a: 44 %	c: 56 %
Ro	a: 89 %	c: 11 % (ein informant frå Stavanger)
Ho	a: 100 %	
SF	a: 100 %	
MR	a: 94 %	c: 6 % (ein informant frå Ørsta)

#### *open*

Øs/Ve og Fi/Tr 100 %

No 89 %

Os/Ak 72 %

He 56 %

Op 26 %

Bu 55 %

Te 22 % (Kragerø og Bamble)

ST 36 %

NT 54 %

#### *ope*

ST 36 %

Bu 45 %

Te 44 %

Op 70 %

He 17 %

#### *opi (b) / oppe/i (d)*

Variantane *opi (b)* og *oppe/i (d)* er lite frekvente i materialet.

Variant *opi* blir oppgett av informantane frå Nissedal i Te, to informantar i He, ein informant i No og ein informant i Akershus.

Ein finn varianten *oppi* i Trøndelag, Akershus, Oppland og Hedmark.

## **43–44 guffe, gebrokkent (eit guffe vîr, han snakka gebrokkent)**

Vi presenterer kombinasjonen direkte, og ser ikkje på kvar form for seg.

### Statistikk:

<i>Begge har endinga -ent (b-b):</i>	120 inf.: 60 %
<i>Ulik ending: guffe gebrokken:</i>	28 inf.: 14 %
<i>(a-b)</i>	
<i>Begge har endinga -e (a-a):</i>	7 inf.: 3,5 %, (to av inf. er usikre på forma gebrokke.)
<i>Ulik ending: guffent gebrokke</i>	
<i>(b-a):</i>	1 inf.: 0,5 %
44 % har ikkje fylt ut eitt eller begge orda, mange oppgir at dei ikkje nyttar ordet. 6 % har ikkje fylt ut nokon av orda.	

### Geografi:

#### Begge har endinga -ent (b-b)

I Ak/Os, Ve/Øs, He, Bu, Tr og Fi er det berre denne kombinasjonen som er oppgitt.

#### Ulik ending: guffe gebrokken (a-b)

Informantane fordeler seg slik på fylka (prosent av oppgitte former):

NT : 17 % (1 inf.)
ST: 33 % (3 inf)
MR: 81 % (9 inf.)
SF: 50 % (4 inf)
Ho: 25 % (2 inf.)
Ro: 29 % (2 inf.)
Op: 29 % (5 inf.)
Te, VA, AA,: 1 inf. kvar

#### Begge har endinga -e:

Forma er rapportert på Vestlandet

### 45 hennar (boka hennar)

### Statistikk:

<i>hennar, hinna (a):</i>	61 inf.: 30,5 %, + 5
<i>hennes, hinna (b):</i>	118 inf.: 59 %, + 5
<i>hennærs (c):</i>	7 inf.: 3,5 %
<i>na (d):</i>	4 inf.: 2 %, +1
<i>hoses (e):</i>	3 inf.: 1,5 %, + 3 (oppgett som yngre variant)

### Geografi:

#### hennar (a) versus hennes (b)

Ro: <i>hennar:</i> 11 %	<i>hennes:</i> 89 %
Ho: <i>hennar:</i> 70 %	<i>hennes:</i> 30 %
NT: <i>hennar:</i> 30 %	<i>hennes:</i> 70 %
ST: <i>hennar:</i> 64 %	<i>hennes:</i> 36 %
Op: <i>hennar:</i> 57 %	<i>hennes:</i> 43 %
Bu: <i>hennar:</i> 25 %	<i>hennes:</i> 75 %

### *henna(r), hinna, henne (a)*

MR og SF er heilt dominert av denne forma.

### *hennes, hinnas (b)*

Nord-Noreg og Ak/Os/Øs/Ve/He er heilt dominert av forma *hennes/hinnas*.

Te: 56 % (Einaste forma ved sidan av *hænners*.)

AA: 36 %

VA: 72 %

Varianten er ikkje rapportert i SF og MR.

### *hennærs (c), na (d), hoses (e)*

Dette er dei minst frekvente formene:

#### *hennærs*

Rapportert av 4 i Telemark (44 %), 2 i Aust-Agder og 1 i Nordland.

#### *na*

3 frå MR, 1 frå Gloppen, SF.

#### *hoses*

AA: 34 % I AA oppgitt som eineform i 2 tilfelle, i VA og AA som alternativ til *a* eller *b*.

Ein av informantane oppgir at dette er ei yngre form.

## **46 deira (Her er bilen deira)**

Det er ein del som tyder på at informantane ikkje alltid har vore heilt sikre på om det var tale om 2. eller 3. person. Det er dermed ikkje sikkert at desse tala har særleg stor verdi. Nokre informantar oppgir til dømes både 2. og 3. person.

### **Statistikk:**

<i>deira (a):</i>	39 inf.: 29,5 %, + 2
<i>deires... (b):</i>	95 inf.: 47,5 % (inkludert det bokmålske <i>deres</i> ), + 6
<i>deirans (c):</i>	2 inf.: 1 %, + 1
<i>denses, demme(r)s (d):</i>	26 inf.: 13 %, + 4 (oppgett som yngre variant)
<i>dies (e):</i>	2 inf.: 1 %, + 1
<i>doms, dems (f):</i>	21 inf.: 10,5 %, + 1
<i>deises (g):</i>	4 inf.: 2 %, + 3 (oppgett som yngre variant)
<i>dikko (h):</i>	1 inf.: 0,5 %

1 uforståeleg svar.

### **Geografi:**

#### *deira (a)*

Dette er vestlandsforma. Vi finn forma rapportert i enkeltvis i He, Bu og VA.

Elles er fordelinga slik:

Ro:	<i>a: 56 %</i>	<i>b: 33 %</i>	<i>rest: 11 % (1 inf. e)</i>
Ho:	<i>a: 54 %</i>	<i>b: 18 %</i>	<i>rest: 27 % (c)</i>
SF:	<i>a: 83 %</i>	<i>b: 17 %</i>	<i>rest:</i>
MR:	<i>a: 72 %</i>	<i>b: 28 %</i>	<i>rest:</i>

### *deires... (b), denses, demmers, demmes (d), doms, dems (f)*

*Deires* er den mest frekvente forma i materialet. Saman med kategori *f* og *d* er det den dominante aust- og nordlandsforma. Saman med enkelte tilfelle av *a*, *e* og *g* dominerer forma Sørlandet. Den geografiske fordelinga er slik:

Os/Ak/Øs/Ve:	<i>b</i> : 46 %	<i>d</i> : 38 %	<i>f</i> : 16 %
He:	<i>b</i> : 44 %	<i>d</i> : 44 %	<i>f</i> : 6 % (1 inf.) (+ 1 inf: <i>deira</i> )
Op:	<i>b</i> : 61 %	<i>d</i> : 26 %	<i>f</i> : 4 % (1 inf.)
Bu:	<i>b</i> : 64 %	<i>d</i> :	<i>f</i> : 18 % (+ 1 inf: <i>deira</i> , ein <i>h</i> )
Te:	<i>b</i> : 56 %	<i>d</i> : 11 %	<i>f</i> : 22 % (+ 1 inf. <i>e</i> )
No,Tr og Fi	<i>b</i> : 43 %	<i>d</i> : 57 %	(1 inf. rapp. <i>d</i> som ny form)
AA:	<i>b</i> : 50 %	resten <i>deises</i> ( <i>g</i> )	
VA:	<i>b</i> : 73 %	resten <i>g</i> , <i>a</i> og <i>e</i>	
ST:	<i>b</i> : 81 %	resten <i>a</i>	
NT:	<i>b</i> : 72 %	<i>d</i> : 18 %	<i>a</i> : 18 %

#### *deirans* (*c*), *dies* (*e*), *deises* (*g*), *dikko* (*h*)

Alle desse formene har låg frekvens.

##### *deirans*

Dei 3 informantane er frå Voss og Ulvik (Ho).

##### *dies*

Dei tre informantane er frå VA, Ro og Te.

##### *deises*

1 informant frå VA oppgir forma som alternativ til *deira* (*a*).

Resten av informantane som oppgir forma er frå AA: 4, + 2 som oppgir ho som nyare alternativ form til *deires* eller liknande (*b*).

##### *dikko*

Ein informant frå Bu oppgir denne forma.

## 47 annan (Dei måtte til sist kjøpe ein annan)

### Statistikk:

<i>annan</i> ( <i>a</i> ):	31 inf.: 15,5 % + 3
<i>annen</i> ( <i>b</i> ):	122 inf.: 61 %, + 5
<i>anna</i> ( <i>c</i> ):	35 inf.: 17,5 % + 3 (oppgett som yngre form)
<i>ann ein</i> ( <i>d</i> ):	3 inf.: 1,5 %, + 1
<i>onnor</i> ( <i>e</i> ):	2 inf.: 1 %

1 uleseleg svar

### Geografi:

#### *annan* (*a*)

Denne forma er mest utbreidd i Trøndelag og MR. Men ein finn og variant *b* og *c* her.

Fordelinga er slik:

MR:	<i>a</i> : 28 %	<i>b</i> : 39 %	<i>c</i> : 33 %
ST:	<i>a</i> : 63 %	<i>b</i> : 9 %	<i>c</i> : 27 %
NT:	<i>a</i> : 90 %	<i>b</i> : 10 %	<i>c</i> :

### annen, aan...(b)

Denne forma dominerer i det meste av Sør-Noreg.

Os/Ak/Øs/Ve: 100 %

He, Op, Bu, Te, AA, VA. >67 %

Ro, Ho: > 67 % inkludert to tilfelle av *ann ein* (d)

No: 59 %

SF: 54 %

MR: 39 %

### anna (c)

Denne forma er mest utbreidd i Nord-Noreg ved sida av *b*.

No:           ***b*: 59 %**           *c*: 41 %

Tr/Fi:       ***b*: 46 %**           *c*: 54 % (1 inf. oppgir *c* som yngre form)

### onnor (e), ann ein (d)

2 fra VA og 1 fra Op rapporterer *d*.

Tilfella av varianten *e* i materialet kjem fra Ro og SF.

## **52 sjølve (Dei har nok seg sjølv(e) å takke for det!)**

### **Statistikk:**

*sjølve* (*a*):   59 inf.: 39,5 %, + 10 (1 oppgir *sjølve* som eldre og *sjølv* som yngre variant)

*sjølv* (*b*):   113 inf.: 56,5 %, + 12

*sjæl, sjel* (*c*): 14 inf.: 7 %, + 2 (alternativ til *sjølv*)

### **Geografi:**

#### *sjølve(a) versus sjølv(b)*

I SF dominerer forma *sjølve* klart, i Op/He dominerer forma litt mindre klart. I alle dei andre områda dominerer *sjølv*.

SF:           *a*: 83 %           *b*: 17 %

He/Op:       *a*: 57 %           *b*: 43 %

Ho:           *a*: 46 %           *b*: 54 %

Ro:           *a*: 10 %           *b*: 80 %           resten *c*

VA:           *a*:                  *b*: 33 %           resten *c*

AA:           *a*: 39 %           *b*: 39 %           resten *c*

Te:           *a*: 33 %           *b*: 67 %

Bu:           *a*: 25 %           *b*: 75 %

Os/Ak/Øs/Ve:   *a*: 8 %           *b*: 58 %           resten: *c+bm*

MR:           *a*: 26 %           *b*: 74 %

Bortsett fra ein informant som rapporterer variant *a* i ST, rapporterer alle informantane fra ST og nordover forma *sjølv*.

### *sjæl, sjel* (*c*)

Informantar fra Os, Øs, AA, VA og Ro oppgir denne forma.

Nokre informantar oppgir bokmålsvarianten *selv*.

## 55 å ta

### **Statistikk:**

<i>ta (a):</i>	173 inf.: 86,5 % +11
<i>taka (b):</i>	16 inf.: 8 % + 11(to av desse oppgir <i>taka</i> som eldre variant)
Begge:	11 inf.: 5,5 %

### **Geografi:**

#### *taka (b)*

Forma *taka* er representert med meir enn 20 % i:

Te: 44 %

AA: 30 %

Ho: 31 %

Elles er forma oppgitt av ein eller fleire informantar i Tr, No, ST, MR, SF, Ro, VA, Bu, Op. Ofte er forma oppgitt som eit alternativ til form *a*.

## 57 å by

### **Statistikk:**

<i>by (a):</i>	177 inf.: 88,5 %, + 14
<i>byde (b):</i>	6 inf.: 3 % (alle desse informantane høyrer heime i Ho, SF og MR) + 6
<i>bjode (c):</i>	2 inf.: 1 %, + 4 (2 markerer at det er ei eldre form)
<i>bjo (d):</i>	1 inf.: 0,5 % + 4 (også oppgitt som eldre form)
Oppgir to eller fleire alternativ: 7 % ( i alle desse er <i>a</i> representert som eitt av alternativa)	

### **Geografi:**

#### *by (a) versus byde (b)*

Kortforma *by (a)* dominerer markant over tostavingsforma *byde (b)*.

Informantane i Os, Ak, Øs, Ve, He, VA, NT, No, Tr og Fi oppgir berre *a*.

Informantane i Op, AA og Ro oppgir berre formene *a*, *c*, og *d*.

I Bu, Te og ST er *b* berre oppgitt som *alternativ* ved sida av *a*, aldri som einaste form.

Langforma *byde* er oppgitt som eineform i Ho (1 inf.), SF (2 inf.) og MR (3 inf.). I desse tre fylka til saman har forma ei utbreiing på 12 %.

## 58 å gli

### **Statistikk:**

<i>gli (a):</i>	178 inf.: 87 %
<i>glide (b):</i>	14 inf.: 7 %
Begge formene:	7: 3,5 %
1 svar er uleseleg:	0,5 %)

**Geografi:**gli (a)

Informantane i Os, Ak, Øs, Ve, He, Op, NT, Tr og Fi oppgir berre *a*.

glide (b)

Langforma *glide* er slik representert i resten av fylka:

Bu/Te: 14 %

VA/AA: 33 %

Ro: 11 %

Ho: 25 %

SF: 15 %

MR: 17 %

I Bu, ST og No er *b* berre oppgitt som *alternativ* ved sida av *a*, aldri som einaste form.

**59 komme****Statistikk:**

*kome (a):* 49 inf.: 24,5 %

*komme (b):* 148 inf.: 74 %

Begge: 1 inf.

2 informantsvar er uleselege.

Som det går fram av desse tala, er forma med kort vokal dominerande i materialet.

**Geografi:***kome (a)*

Det framgår under kor forma med lang vokal, *kome*, utgjer meir enn 20 %:

Op: 52 %

Bu/Te: 55 %

AA/VA: 33 %

Ro: 66 %

Ho: 36 %

SF: 33 %

MR: 33 %

1 informant i ST oppgir forma.

**60 steinete****Statistikk:**

*steinut/åt (a):* 77 inf.: 38,5 %

*steinete/ite (b):* 95 inf.: 47,5 %

Både *a* og *b*: 1 inf.:

*steinet (c):* 22 inf.: 11 %

Både *b* og *c*: 4 inf.

(Ein informant rapporterte stenet)

**Geografi:**

Forma *b* er mest dominerande i materialet. Denne forma inkluderer den nordnorske varianten *steinat*. Frå Nordland og nordover er det denne forma av *b* som er rapportert (7 inf.).

#### *steinut/åt (a)*

Vi finn ikkje forma i Ak, Os, Øs, Ve, He, Ro, Ho, SF og Fi. Vi finn ho i området frå Agder via Te/Bu/Op/, og vidare frå MR til og med Tr, med kjerneområdet i Trøndelag.

Forma *steinut/steinåt (a)* er representert slik i desse fylka:

VA: 11%  
AA: 33 %  
Bu/Te: 67 %  
Op: 65 %  
MR: 56 %  
ST: 81 %  
NT: 100 %  
No: 82 %  
Tr: 33 %

#### *64 nordafor (+ litt om 63 bortafør)*

##### **Statistikk:**

*nordafor (a):* 164 inf.: 82 %, + 5  
*nordanfor (b):* 23 inf.: 11,5 %, + 3  
*nordfør (c):* Bare oppgitt som alternativ ved sida av dei andre, + 2  
8 informantar gir uleselege svar, seier dei ikkje brukar ordet, eller gir bokmålsforma til svar.

*portafør (a):* 150 inf.: 75 %, + 5  
*portanfor (b):* 33 inf.: 16,5 %, + 5  
*portfør (c):* 5 inf.: 2,5 %, + 2

5 informantar rapporterer at dei ikkje brukar ordet, og 3 oppgir bokmålsvarianten *portenfor* som alternativ til *a*, *b* eller *c*.

##### **Geografi:**

*portafør – nordafor (a – a)*  
NT, ST, MR, Op, Ak, He, Te: 100 %  
SF, Øs/Ve, Bu, Fi : >75 %

#### *portanfor – nordanfor (b – b)*

Bu: 8 % (1 inf)  
AA: 25 %  
VA: 89 %  
Ro: 80 %  
Ho: 50 %

#### *portanfor – nordafor (b – a)*

Tr: 12,5 % (1 inf.)  
No: 30 % (6 inf.)  
Ro: 10 % (1 inf.)  
Bu: 8 % (1 inf.)

Os: 38 % (3 inf.)

Øs: 10 % (1 inf.)

### bortfør –nordafør (c – a)

Forma *bortfør* finn vi kopla med *nordafør* i eitt tilfelle i SF. Elles er det rapportert om kombinasjonen *c–a* i No (2 tilfelle) og Tr/Fi (3 tilfelle, 25 %)

## 66 let (Bilen er gul på let(t).)

### **Statistikk:**

*let (a):* 100 inf.: 50 %, + 2

*lett (b):* 65 inf.: 32,5 %, + 1

Nyttar ikkje ordet (*x*): 32 inf.: 16 %, + 3

Svært mange informantar rapporterer at dei ikkje nyttar dette ordet, 32 stk. 2 av dei 3 som oppgir at dei ikkje nyttar ordet, men som likevel oppgir ei form, markerer at ordet er ei eldre form (både *a* og *b*).

### **Geografi:**

#### *let (a) – lett (b)*

Ro/Ho/SF: *a:* 100 %

VA/AA: *a:* 100 % (4 inf. i AA nyttar ikkje ordet.).

Te: *a:* 88 % *b:* 12 %

MR: *a:* 72 % *b:* 28 %

Op: *a:* 68 % *b:* 32 %

Bu: *a:* 63 % *b:* 37 %

No: *a:* 60 % *b:* 40 %

Tr: *a:* *b:* 100 %

NT: *a:* *b:* 100 %

ST: *a:* 9 % *b:* 91 %

He: *a:* 12 % *b:* 88 %

#### *Nyttar ikkje ordet*

I Ak, Os, Øs og Ve oppgir over 60 % at dei ikkje nyttar ordet.

Ingen i Finnmark nyttar ordet.

## 69 –71 flommen, draumen og gjøyme

### **Statistikk:**

*Monoftong (kort vokal): flommen–drømmen–gjømme (a–b–b):* 93 inf.: 46,5 %, + 3

*Diftong (lang vokal): flaumen–draumen–gøyme (b–a–a):* 69 inf.: 34,5 %, + 2

*Diftong i to ord og monoftong i eitt, eller omvendt:* 26 inf.: 13 %

Oppgir fleire former eller manglar form i ein kategori: 12 inf.: 6 %

### **Geografi:**

#### *Monoftong (kort vokal): flommen–drømmen–gjømme (a–b–b)*

Området Ak/Os/Øs/Ve har konsekvent monoftong eller bokmålsformer.

He:	89 %		
NT:	mono: 70 %	dift:	andre: 30 %
No:	mono: 72 %	dift: 11 %	andre: 17 %
Tr/Fi:	mono: 90 %	dift:	andre: 10 %

#### Diftong (lang vokal): flaumen-draumen-gøyne (b-a-a)

VA:	mono: 11 %	dift: 78 %	andre: 11 %
Ro:	mono: 11 %	dift: 89 %	andre:
Ho:	mono: 10 %	dift: 80 %	andre: 10 %
SF:	mono:	dift: 83 %	andre: 17 %
MR:	mono: 10 %	dift: 58 %	andre: 32 %

#### Diftong i to ord, monostong i eitt eller omvendt

Op:	mono: 44 %	dift: 39 %	andre: 17 %
Bu:	mono: 42%	dift: 58 %	andre:
Te:	mono: 33 %	dift: 56 %	andre: 11 %
AA:	mono: 50 %	dift: 50 %	andre:
ST:	mono: 57 %	dift: 7 %	andre: 36 %

## 74 fremmend/framand

### **Statistikk:**

framand(e) (a):	35 inf.: 17,5 %, + 2 alt. til b
fremmend(e) (b):	122 inf.: 61 %, + 2 alt. til a
fremmand(e) (c):	37 inf.: 18,5 %
bokmål, fremmed:	4 inf.: 2 %

### **Geografi:**

#### fremmand (a)

MR/ST:            a: 50 %            b: 43 %            c: 7 %

Forma er ikkje dominerande men frekvent i Ho og SF, og he er representert i Ro og Op.

#### fremmend (b)

Forma dominerer i dei fleste områda:

Os/Ak/Øs/Ve/He:	b: 78 %	a: 10 %	c: 3 %	bm: 10 %
Frå NT og nordover:	b: 87 %	a: 13 %	c:	bm:
Te/AA/VA:	b: 100 %			

#### fremmand (c)

Forma *fremmand (c)* dominerer i Ro og Bu, og er elles svakt dominerande i Ho og SF, og representert vidare nordover til og med ST. Også representert i Op

Ro:	c: 89 %	a: 11 %	
Bu:	c: 64 %	b: 36 %	

#### fordeling i meir komplekse område:

Op:	a: 17 %	b: 44 %	c: 39 %
Ho:	a: 30 %	b: 30 %	c: 40 %
SF:	a: 42 %	b: 8 %	c: 50 %

## **75 verken/korkje (Dei hadde åkke vått eller tørt)**

### **Statistikk:**

*verken* (a): 139 inf.: 69,5 %, + 13 inf. rapporterer *a* om eitt av fleire alternativ  
*korkje* (b): 28 inf.: 13 %, + 9 inf. rapporterer *b* som eitt av fleire alternativ  
*åkke/håkke* (c): 12 inf.: 6 %, + 1 inf.  
*anten hell/antel* (d): 4 inf.: 2 %, + 1 inf.  
3 svar kan ikkje brukast.

### **Geografi:**

#### *verken* (a)

Denne forma dominerer i dei fleste områda:

Ak/Os/Ve/Øs: 95 % (1 inf rapp. *åkke*)

He: 52 %

Bu: 77 %

Te: 60 %

AA: 70 %

VA: 100 %

Ro: 90 %

Ho 50 %

SF: 66 %

MR: 74 %

ST: 75 %

NT/No/Tr/Fi: 100 %

#### *korkje* (b)

Forma er representert slik:

Ho/Op: 50 %

SF: 33 %

MR/ST: 26 % (1 informant markerer *verken* som den yngre varianten)

Bu: 23 %

Oppgitt av 1 informant i Ro, AA, Te,

#### *åkke/håkke* (c)

Ein finn forma i Hedmark, Oppland, Akershus og Aust-Agder.

He: 48 % (1 informant markerer at dette er ei eldre form, den nye er *verken*)

Op: 23 %

#### *anten hell* (d)

I denne kategorien går former eller kombinasjonar med *anten* inn.

Variant *d* blir brukt i Telemark og Aust-Agder.

Te: 30 %

AA: 15 %

## **76 mye**

**Statistikk:**

*mye* (a): 90 inf.: 45 %  
*mykje* (b): 98 inf.: 49 %  
Begge former: 11: 5,5 %  
1 informant gav uleseleg svar.

**Geografi:***mye* (a)

Ak/Os/Ve/Øs/He: 100 %  
Ho: 91 %  
VA: 89 %

*mykje* (b)

SF/MR: 100 %  
No: 94 %

*mye* (a) versus *mykje* (b)

Ro:	a: 66 %	b: 33 %
AA:	a: 70 %	b: 30 %
Te:	a: 33 %	b: 66 %
Bu:	a: 28 %	b: 72 %
Op:	a: 43 %	b: 57 %
Fi/Tr:	a: 55 %	b: 45 %
ST/NT:	a: 53 %	b: 47 %

(8 av 22 informantar i ST/NT oppgir begge formene, to av desse markerer at *a* er den yngre forma.)